

# Innspel til kommuneplanens arealdel for Meland kommune

Innspelet gjeld eigendomen 1256 - 37/1 "Søre Odland"

Underteikna ynskjer at markert område på vedlagt kart vert lagt inn i kommuneplanens arealdel som Spreidd bustad, SB. Innanfor det markerte området ynskjer me rom for tre nye einingar. Om mogeleg ynskjer me at området kjem inn i planen som eit område for kombinert Spreidd busetnad og Spreidd næring. Dette for å ta høgde for mogeleg utviding av gardsdrifta i samband med generasjonsskifte.

## Bakgrunn:

Grenda Odland og området Austbygd har hatt låg vekst i antallet bustader over lengre tid. I samband med generasjonsskifte på gardsbruket Søre Odland er det difor naudsynt med bygging av nytt husvære for neste generasjon. Me ser for oss ny busetnad som ei fortetting av eksisterande tun, som eit moderne klyngetun.


Garden er i dag i drift, og me ynskjer at ei slik omregulering av gardstunet kan vera med å sikra vidare drift for framtidige generasjonar. Ei fortetting av tunet med fleire husvære kan skapa gode bukvalitetar for barn og vaksne. Nye bustader kan styrka næringsgrunnlaget for garden, og skapa nære band til landbruket og bygda for fleire menneskje. Nye bygg i nærleiken av eksisterande bygningar vil samstundes sikra eit samanhengande jordbruksområde og kulturlandskap. Fylkesmannen i Hordalands dokument "Strategi for nye gardstilknytt klyngetun" har lagt grunnlag for denne typen bustadsutvikling, og strategien er forankra i fleire kommuneplanar dei siste åra, mellom anna i Osterøy, Radøy og Kvam kommune

Helsing


Gunnar Odd Hole

Grunneigar 37/1, Ådlandsvegen 978, 5918 Frekhaug


Spørsmål kan rettast til barnebarn Alexander Helle, epost [alexander@zapatista.no](mailto:alexander@zapatista.no)



Situasjonskart 1. Skravert felt er tenkt område for ei mogeleg klyngetuns-fortetting.



Situasjonskart 3. Visar skravert felt med underlag frå gardskart.no



Situasjonskart 3. Visar skravert felt på flyfoto